

Om vi skal tru Aftenposten, er Danmark vald, hus som brenn, brutalt politi, framandhat, arbeidsløyse...

Vår nye fiende

JON HUSTAD
jon@dagogtid.no

No er eg her. På Gardermoen. Eg skal til Danmark og finna ut kor mørkeblått det er. Her eg sit, finn eg i det minste ut at verda er vorten mindre. Det har ingenting med saka å gjera, men: Eg les på engelsk ein tyrkisk nobelprisvinnar i litteratur. Ved sida av meg sit ein japanar og et og slaf-sar. På posen hans står det «Artic Snacks». I røynda er det turrisk.

Vi får byrja med nokre sitat: «Danmark er blitt et borgerligt land», skreiv på valnatta Danmarks største avis Jyllands-Posten, òg kalla Jyllandsfascisten av dei som les Politiken, som av folk i Dagbladet vert samanlikna med Dagbladet. Kristin Clemet er å sjå til samd, ikkje med dei tilsette i Dagbladet, men med Jyllands-Posten. For nett i Dagbladet skreiv ho den 17. november ei hemningslaus hylling av det borgarlege Danmark: «De borgerlige partiene i Danmark samler fortsatt et solid flertall i den danske befolkning. Det kan skyldes at det går godt i Danmark, bl.a. på grunn av en vellykket politikk. Men det kan kanskje også skyldes et mer mangfoldig medie-bilde, der bl.a. flere borgerlige stemmer kommer til orde.» Og: «Danmark har bedre konkurransevne enn Norge, og dansk økonomi er kåret til den mest innovative og dynamiske i hele EU. I forhold til et Norge uten olje gjør Danmark det svært mye bedre.»

Så då vert spørsmålet: Veit Clemet og Jyllands-Posten kva dei held på med? Er verkeleg Danmark borgarleg? Ja, om vi skal tru NRK. For kva kunne vi høyra i radioen under den danske valkampen? Danmark under statsminister Anders Fogh Rasmussen er styrt av eit «mørkeblått» regime, og tankane våre går nær automatisk til Maggie Thatcher, Ronald Reagan og Augusto Pinochet. Som Clemet òg skreiv: «Det er ikke lett å skjønne noe av valgene i Frankrike og Danmark så lenge man har fulgt NRKs dekning.» Ho peika mellom anna på at alle danske meningsmålingar før valet synta at venstresida var sjanselaus mot dei borgarlege partia i det borgarlege Danmark.

SKATTEPARADISET NOREG

I Danmark ser visst folk annleis på stoda, for var det ikkje noko om at borgarlege land skulle ha lægre skattar enn sosialdemokratiske land? I Weekendavisen den 23. november vert sjeføko-



Dette er det nye Danmark, om vi skal tru Aftenposten.

nomen i Dansk Industri intervju. Han vil ha fleire ressurssterke innvandrarar til Danmark.

– Vi må sjå til Noreg, seier han:

«Beskatningen er den helt afgørende barriere, som virksomhederne peger på. De personer, vi gerne vil tiltrække, oplevet det jo som mere attraktivt at tage til Storbritannien, USA, Canada, Australien, Norge osv. I de engelsktalende lande er der selvfølgelig tilmed den sproglige fordel. Men også i et land som Norge er der et lavere skatteniveau. Så skatten er problem nummer et.»

Så Danmark er eit borgarleg og mørkeblått land med eit mykje høgre skattenivå enn det raudgrøne Noreg? Eller er det Dansk Industri som har mistydt noko? Ikkje om vi skal tru årboka til OECD frå 2007. Totalt skattenivå i Danmark: 48,8 prosent. Nest høgst i verda. Totalt skattenivå i Noreg: 44,0 prosent. Likt med Frankrike, eit anna «mørkeblått» land, om vi skal tru Clemets påstand om NRK. Kor mange innvandrarar har vi i arbeidsstyrken då? Det er i grunnen nokså likt: Noreg 7,2 prosent, Danmark 6,1.

TRYGD OG AFTENPOSTEN

Men trygdene, kva med trygdene? For som alle borgarlege veit: di meir til trygd, di mindre borgarleg. Noreg nyttar 12,4 prosent av brutto nasjonalprodukt (BNP) til offentlege trygder, Danmark 15,3 prosent.

Både Sverige, Danmark og Noreg har gått eller går gjennom pensjonsreformer. Låglønte i Danmark kjem på sikt til å få ein offentlig alderspensjon på 63 prosent av tidlegare løn. I Noreg vert det same talet 45 prosent, i Sverige 40 prosent. Som NOVA-forskaren Axel West Peder-



Danskane som vi likar dei: fulle og nakne. Båe foto: Scanpix

sen, som har forska på dei ulike pensjonsreformene i Norden, seier til Aftenposten den 30. november:

«Danmark peker seg ut som det eneste land i Norden som overkompenserer lavtlønte. På den måten kan man si at det dreier seg om det eneste gjenstående medlemmet av den nordiske modellen.» No skal vi vel ikkje nett vera overraska over at Aftenposten uroar seg over det komande låge trygdenivået i Noreg. For som stendig fleire har fått med seg: Under Harald Stanghelle og Hans Erik Matre har Aftenposten tilrana seg posisjonen som hofforganet åt dei dana, kulturradikale sosialdemokratane.

I A-magasinet den 19. mai i år, i ein større reportasje om Danmark, vart vi presenterte for ei rad sider med brennande bilar, politi med skarpladde våpen og undertrykt ungdom, alt under denne overskrifta og ingressen: «I skyggen av hyggen. Det brenner i fristaden Christiania, Ungdomshuset er revet og det stilles harde krav til arbeidsledige og innvandrere. Hvor ble det av den danske kosen?»

Aftenposten etterlèt ingen tvil: Det ein gong så tolerante Danmark er på veg inn i nyfascismen, men altså med eit høgt trygdenivå. «Cirka halve den danske befolkningen er utenfor arbeidslivet», kunne journalisten Lars Nehru Sand òg fortelja. Kjelda fekk vi aldri. Samla arbeidsdeltaking i Danmark er 75,5 prosent, i Noreg 75,2. Av desse arbeider 21,1 prosent deltid i Noreg, i Danmark 18,1, alt etter OECD.

ÅRHUS, KJØT OG FLESK

Eg er på veg til Århus, hovudstaden til kjøtet og flesket og Jylland, Danmarks neste største by og